



Byrkjelo 17.01.2015

OED
Postboks 8148
Dep
0033 Oslo

Framlegg til endring av lov om elsertifikat. Uttale frå Byrkjelo Kraft A.S.

Vi viser til høyringsnotat: Forslag til endring av lov om elsertifikater av 3. desember 2014, med høyringsfrist 19. januar 2015.

Byrkjelo Kraft A.S. – grunneigareigd kraftverk (12,8 MW) fekk konsesjon september 2005, byggestart 15. januar 2006 og produksjonsstart august 2007.

Dåverande Olje og energiminister Einar Steensnæs uttalte følgjande i ei pressemelding den 19. desember 2003:

"Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon nå ikkje skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, sjølv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunktet."

Denne uttalelsen låg i botnen for vår beslutning om bygging, sjølv om regelverk og storleik på sertifikata ikkje var kjende følte vi oss sikre på å klare våre økonomiske forpliktelsar etter ei utbygging.

Lovnadane har seinare blitt følgt opp både frå skiftande regjeringar og politikarar, og bekrefta på direkte spørsmål i ein e-post av statssekretær Guri Størvold i OED i 2008, næringa kan berre *"ta det med ro"*, for løftene om at alle kraftverk bygget etter 1. januar 2004 skulle inkluderes i ordningen *"står fast"*.

Komitebehandlinga av Stortingsmelding nr 18 (2003-2004):

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet har merket seg den usikkerheten som har oppstått ved at Regjeringen har utsatt innføringen av et grønt sertifikatmarked til 2006. Disse medlemmer viser til at et flertall på Stortinget flere ganger har understreket viktigheten av å få innført et pliktig grønt sertifikatmarked for ny fornybar energi, og mener at det bør innføres tidligere enn 1. januar 2006.

Disse medlemmer mener dette bør kunne iverksettes, om mulig ett år tidligere, fra 1. januar 2005.

Disse medlemmer foreslår:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem det nødvendige lovforslag om innføring av et pliktig norsk-svensk sertifikatmarked så snart som mulig.

Då dei same partia i 2009 danna den raudgrønne regjeringa var alt dette gløymt og lagt i skuffa for uaktuelle saker.

I 2013 var det nytt valår og lovnader frå Høgre og Frp om at kom dei til makta skulle dette ryddast opp i og alle skulle få sertifikat som lova.

Denne lovnaden har dei delvis innfridd og stor ros til dei for det, men det gjenstår ei gruppe som ikkje vart tekne inn i det gode selskap, verk med installert effekt over 10 MW.

Dei må no sjå at heller ikkje denne regjeringa innfrir lovnaden.



Byrkjelo 17.01.2015

Elsertifikat ordninga har fungert som tilsikta, med auka fart i utbygging, men den auka produksjonen bidreg i sin tur til å presse prisane nedover og med det reduserte inntekter for dei som står utanfor. Med andre ord får vi ikkje dei lova sertifikatata, som var den økonomiske gullrota for å kome raskt i gang med auka utbygging, og reduserte inntekter pga. lågare kraftprisar.

Denne gruppa er grunnrenteverk og har allereie i utgangspunktet meir skattemessig krevjande rammevilkår enn mindre kraftverk. Dette gjeld først og fremst grunnrenteskatt og eigedomsskatt..

Vi vil på det sterkaste oppmode OED om at lovnadane vert følgt opp fult og heilt og ikkje som framlegget foreslår å utestenge ei gruppe frå ordninga. Vi har gjort det politikarane oppfordra oss til, vi starta utbygginga før gjeldande regelverk var på plass, og bidrog med det til meir rein og fornybar energi til beste for klima og samfunn.

Lat ikkje takka for det vere at vi vert utestengde frå ordninga.

Med venleg helsing
Byrkjelo Kraft A.S.

Atle Støyva
Styreleiar